

# ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2013

Studieforbundet kultur og tradisjon skal  
organisere og legge tilhøva til rette for  
folkeopplysning og opplæring i medlems-  
organisasjonane

Tilbakeblikk: .....	2
Stolt og stødig!.....	2
Kapitel 1: Organisasjon .....	3
Medlemsorganisasjonar.....	3
Styret og administrasjon .....	3
Administrasjon .....	4
Arbeidsoppgåver.....	4
Medlemskap og nettverk.....	5
Fylkesledd – tiltak og utvikling i 2013.....	1
KAPITTEL 2. Læring .....	3
Statistikk .....	3
1 million på rett kurs.....	4
Kapitel 3, kvalitet og utvikling.....	6
Bunadopplæringa .....	6
Vevopplæringa.....	6
Kurs i fengsel.....	6
Handverkskolen AS .....	0
Gjenstander og kontekst – fortidas former .....	0
Norsk, folkelig dans.....	0
Medarbeidaropplæring.....	0
Kapitel 4 Kvalitet og utvikling .....	1
Prosjekt "Overordna mål " .....	1
Tekstilfagskule .....	1
TREseminaret – 2014 – "Enig og TRE til Dovre faller" .....	1
Kurslærarar.....	1
Seniordans – økt aktivitet og fleire nye lag.....	0
Oxford.....	0
E-læring .....	0
"Kreative kurser med rødder i gamle håndværk" .....	0
Overordna mål, rapportering til VOX .....	0

## Tilbakeblikk:

---

### Stolt og stødig!

”Det skal vere mogleg for alle som bur i Noreg å bli kjent med, og lære folkelege tradisjonar og kulturuttrykk i skapande og trygge fellesskap.”

22 medlemsorganisasjonar arrangerte 4919 kurs som vart gjennomført med 40.059 deltakarar. Som tidlegare; flest kvinner. Vi hadde kurs i alle fylke og i 330 kommunar. Kursa gjekk over heile 151.733 kurstimar og vart arrangert av 924 kursarrangørar. Det er langt til 1 million på rett kurs som er Vaksenopplæringsforbundet (VOFO) sin kampanje for å nå fleire deltakarar, men vi er på rett veg og stadig fleir går på kurs arrangert av og for medlemsorganisasjonane i Studieforbundet. Våre organisasjonar viser seg som stødige og stolte kursarrangørar. Veksten må tolkast til at kulturuttrykk og tradisjonar blir formidla i gode fellesskap. Det er styret stolte av.

Frivillig sektor er i vinden og i vekst på alle område. Stor anerkjening på alle felt. Men når vi kjem til kurs og opplæring vil ikkje staten anerkjenne arbeidet som blir gjort. Det kjem i alle fall ikkje til uttrykk i statstilskot. Tilskotet til Studieforbunda blei vidareført på same nivå som 2012, med ein liten justering for prisvekst. I realiteten lågare tilskot, som fører til at tilskotet ikkje følgjer prisvekst i resten av samfunnet og at kostnaden blir overført til deltakar og arrangør.

Denne problemstillinga er styret oppteken av. Styret og kontoret bruker difor mykje tid på politisk arbeid for å få betre rammevilkår. Styret meiner det er heilt nødvendig å vere aktive med politisk påverknad. Målgruppa er både politikarar og administrasjon, og gjeld både nasjonalt og i fylkeskommunane. Mange frivillige organisasjonar har opplæring og formidling som si viktigaste oppgåve. Offentlege tilskot gjer det mogleg å gje god og

målretta opplæring for små og store lag – i alle deler av landet. Vår påstand er framleis at det kulturelle landskapet vil bli mykje smalare om dei frivillige organisasjonane slutta med systematisk opplæring.

Heldigvis kom Oxford Research si undersøking om studieforbunda heilt på tampen av 2013. Den viser at 9 av 10 vil anbefale kurset til andre, at medlemsorganisasjonane er tilfreds med eige studieforbund og at studieforbunda samla når ut til alle. Deltakarane meiner læring og meistring er viktigaste grunn for å delta i opplæringa og dei har hatt nytte av det dei lærte også utanfor kurset. Undersøkinga fortel at det statlege tilskotet har størst utløyse effekt når det er lokallag eller fylkeslag som er arrangør. Alt dette skal vi ta med oss inn i ”gjennomgangen av tilskotsordninga” som er meldt i Statsbudsjettet for 2014

KursAdmin vårt nye databasesystem, har vore kontoret si hovudoppgåve i 2013. Overgang til meir komplekst og avansert system har vore krevjande. KursAdmin er eit felles kurs og administrasjonsprogram som studieforbunda er saman om og som er eigd av VOFO. Vi har tinga nokre tilleggsløysingar som ikkje vart ferdig før i 2014. Mange lag og medlemsorganisasjonar har vore frustrert over at informasjon som før var lett å finne, er borte. Dette blir det framleis arbeidd med og styret trur på ei løysing første halvår 2014.

Styret vil rette ei stor takk til alle ildsjelar, kurslærarar, kursarrangørar og alle lokallag. Vi meiner Noreg hadde vore fattigare utan desse 4.919 kursa og er glad for at det har vore vekst i kurs i 2013. Inngangen til 2014 ber bod om lysare tider. Det kom ein ekstra million på Statsbudsjettet 2014, la oss tru at det er starten på ei ny tid!

Marit Jacobsen , styreleiar



# Kapitel 1: Organisasjon

---

## Medlemsorganisasjonar

Vi har 30 medlemsorganisasjonar. 15 av dei har fulle rettar og plikter og 15 organisasjonar har samarbeidsavtale som gir dei rett til å søke kurstilskot.

### Medlemsorganisasjonar

- DIS - Norge, Slekt og Data (DIS)
- Forbundet KYSTEN (FK)
- Frilynt Norge (Frilynt)
- Hålogaland Amatørteaterselskap (HATS)
- Kringkastingsringen
- Landslaget for lokalhistorie (LLH)
- Noregs Mållag (NM)
- Noregs Ungdomslag (NU)
- Norges Husflidslag (NH)
- Norsk Amatørteaterforbund (NATF)
- Norsk Kulturarv (NK)
- Norsk Målungdom (NM)
- Norsk Quilteforbund (NQF)
- Seniordans Norge (SN)
- Vestlandske Teatersenter (VT)

### Organisasjonar med samarbeidsavtale

- Båtlaget Braute
- Fantasiforbundet
- Fortidsminneforeningen
- Internasjonalistene
- Landsforbundet av Motorhistoriske Kjøretøyklubber
- LUFS - Landslaget for nærmiljøskolen
- Norges Museumsforbund
- Norsk forening for fartøyvern (NFF)
- Norske Kveners Forbund/Ruijan Kveeniliitto
- Norsk forening for kulturhistorisk sverdfekting (NFKS)
- Norsk Selskap For Fotografi (NSFF)
- Organisasjon for Scenekjempere i Norge (OfScen)
- Rosegården Teaterhus
- Vestnorsk kulturakademi (VKA)
- Samenes Folkeforbund (SFF)

## Styret og administrasjon

STYRET 23.05. – 31.12.2012

Marit Jacobsen (Norges Husflidslag)	leiar
Eli Ulvestad (Noregs Ungdomslag)	nestleiar
Knut Bryn (DIS - Norge, Slekt og Data)	styremedlem
Helen Hansen (NATF)	styremedlem
Magnhild Tallerås (Norges Husflidslag)	styremedlem
Endre Kleiveland (Noregs Ungdomslag)	styremedlem
Randi A Grønbakken (Seniordans Norge)	styremedlem
Irene N. Hansen (HATS)	1.varamedlem
Erika Søvting (Forbundet KYSTEN)	2.varamedlem

STYRET 01.01.2013 – 28.05.2013

Marit Jacobsen (Norges Husflidslag)	leiar
Eli Ulvestad (Noregs Ungdomslag)	nestleiar
Knut Bryn (DIS - Norge, Slekt og Data)	styremedlem
Helen Hansen (NATF)	styremedlem
Anne K. Langmoen (Norges Husflidslag)	styremedlem
Endre Kleiveland (Noregs Ungdomslag)	styremedlem
Randi A Grønbakken (Seniordans Norge)	styremedlem
Frode A. Rismyhr (Frilynt Norge)	1.varamedlem
Erika Søvting (Forbundet KYSTEN)	2.varamedlem

## Administrasjon

Administrasjonen har seks tilsette på fire årsverk;

Kjærsti Gangsø, dagleg leiar

Dag Lindvig, (fylkesledd og opplæring)

Tone Heskestad, (kurssøknader, rapportering, internkontroll)

Linda Aaboen, (bunadopplæringa, vevopplæringa, kurs i fengsel og teaterinstruktørutdanninga)

Björg Schultz, (nettside, data, opplæring, informasjon)

Mette Vårdal, (høgare utdanning)

Andre Nasset, Daniel Gangsø, Helena Sundberg, Astrid Aarstrand, Henrik Gangsø, Isak Reitan Trøen, Kenth Nasset, Ole Kristian Grønlien, Olav Nørstebø og Vegard Tøfte var engasjert på timebasis for å jobbe med handsaming av kurssøknader i overgang mellom nytt og gammalt system. Liv Skogstad har vore på arbeidspraksis frå hausten 2013. Dag Lindvig er kjøpt fri for å arbeide i VOFO Oppland i 30 % stilling.

## Arbeidsoppgåver

### Utbetaling av kurstilskot

Studieforbundet har ansvar for søknader og utbetaling av tilskot til kurs og opplæring i alle deler av medlemsorganisasjonane. Opplæring og informasjon til kursarrangørar om kurs og

### Lag /kurs tatt ut i internkontroll 2013

Studieforbundet kultur og tradisjon forvaltar eit statstilskot på vegne av medlemsorganisasjonane. Studieforbundet har plikt til å kontrollere at tilskotet blir nytta slik formålet blir uttrykt i "Lov om Voksenopplæring" Kunnskapsdepartementet sin revisjonsinstruks set krav om korleis kontrollen skal gå føre seg.. Det blir jamnleg gjennomført stikkprøvekontrollar.

I 2013 blei 20 lag, kvar med to kurs tekne ut i kontroll:

tilskotsreglar er ein viktig del av arbeidet på kontoret.

## KursAdmin

I 2013 har mykje arbeid vore knytt til oppgåva med å bytte kursadministrasjonssystem. Det nye systemet, KursAdmin er nettbasert, noko som gjer det tilgjengeleg for alle som held kurs med stønad frå Studieforbundet. SKT har som mål at dei som held meir enn 10 kurs i året skal bli brukarar i KursAdmin og administrere sine eigne kurs. Alle andre som ønskjer å gjøre dette sjølvsgt også velkomne til å få brukartilgang. Ved årsskiftet hadde i underkant av 20 kursarrangørar teke systemet i bruk. Det blei arrangert to kurs i KursAdmin i 2013, og kontoret rettleiar på telefon og epost.

Dei som ikkje ønskjer å ta i bruk KursAdmin kan halde fram med å søke på same måte som før. Studieforbundet har tinga eit tillegg til KursAdmin for dei som vil halde fram med søknad på nett slik som tidlegare.

## Deltaking i medlemsorganisasjonane

Studieforbundet har som mål å vere tilstades på arrangement i

medlemsorganisasjonar og fylkesledd. I 2013 var Studieforbundet på 15 kurs og møter i ulike delar av organisasjonen.

## Frilynt Norge

- Askerrevyen
- Fossrevyen
- Nadderudrevyen
- Nesodden Russerevy
- Nissenrevyen 2013
- Nydalenrevyen
- Touch of Dance

## NATF

- Blaker ungdomslag teatergruppe
- Nittedal Teatersmie
- Røyken Teatergruppe
- Studentteateret Teater Neuf

- Trollskogen barne/ungdomsteater

## Noregs Ungdomslag

- Bul Nidaros
- Bø UL
- Leksdølen UI

## VT

- Sotra Teaterlag

## HATS

- Ekko Ensemble
- KulTeateret
- Miljø sirkus
- Skøelv Revylag

Internkontrollen blir gjennomført så tett opptil kursavslutning som mogleg. Ekko Ensemble har levert manglande dokumentasjon og internkontrollen er førebels ikkje godkjent. Kurset er i følgje deltakarane gjennomført. Det blir likevel ikkje godkjent nye søknadar om kursstøtte frå laget før etterspurde dokument er levert. Nesodden russerevy har ikkje levert internkontroll og nye søknader frå laget blir dermed ikkje godkjent. Alle andre lag har levert fullstendig dokumentasjon og er godkjent.

## Felles avtaler

Gjennom VOFO har Studieforbundet avtale med Kopinor som sikrar kursarrangørane rett til å kopiere beskytta materiale til bruk på kurs. Ei forsikringsavtale sikrar kurslærarane økonomisk om det oppstår skade.

## Medlemskap og nettverk

Studieforbundets deltaking i andre organisasjonar og nettverk;

### Voksenopplæringsforbundet, VOFO

Studieforbundet er medlem i VOFO og deltar aktivt i nettverket av studieforbund i Norge. Hallvard Julseth (Noregs Ungdomslag) var styremedlem fram til årsmøtet. Kjærsti Gangsø vart valt inn som styremedlem på årsmøtet i mai 2013.

Björg Schultz (kontoret) var medlem Språkutvalet og er medlem i arbeidsutvalet for KursAdmin

### Frivillighet Norge

Studieforbundet er medlem i Frivillighet Norge. Kjærsti Gangsø var styremedlem fram til årsmøtet i desember 2013.

### Rådet for folkemusikk og folkedans (RFF)

Rådet for folkemusikk og folkedans held eit årleg representantskapsmøte med

deltakarar frå eit samla folkemusikk- og folkedansmiljø. På årets møte i oktober deltok Kjærsti Gangsø for Studieforbundet. Endre Kleiveland (Noregs Ungdomslag) er rådsmedlem. Marit Jacobsen (Norges Husflidslag) sit i styret for Stiftinga RFF-sentret.

### Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil

Norsk institutt for bunad og folkedrakt organiserer eit nasjonalt nettverk innafor tekstilfeltet. Linda Aaboen har delteke i nettverket på vegne av Studieforbundet.

### Nettverket «løfte handverket»

Senter for immateriell kulturarv, SIKa har ansvar for nettverket "løfte handverket" som organiserer årlige møtestader og seminar. Linda Aaboen har delteke i nettverket på vegne av Studieforbundet.

## Fylkesledd – tiltak og utvikling i 2013

Studieforbundet kultur og tradisjon har fylkesledd. I 2013 hadde 18 av 19 fylkesledd oppretta ein formell struktur og fått registrert sitt fylkesledd i einings- og frivillighetsregisteret.

Det er krevjande å drifte og oppretthalde ein aktiv fylkesleddstruktur. I seks fylke er det ikkje fylkestilskot til studieforbunda. Fylkesledda har ulike arbeidsoppgåver avhengig av samarbeidssituasjonen med fylkeskommunen og variabel motivasjon for å delta i noko ved sida av kjerneaktiviteten i eigen organisasjon.

Dette er faktorar som bidreg til at arbeidet med fylkesledda er ressurskrevjande for Studieforbundet.

Vaksenopplæringslova stiller krav til at studieforbund skal ha ei regional organisering.

Studieforbundet deltok på åtte samlingar i ulike fylkeslag eller fylkesledd i Studieforbundet i 2013 og har elles vori ein aktiv støttespelar for fylkesledda på telefon og epost. 4-5 oktober var det fylkessamling med 24 deltakarar frå 16 fylke.

Fylke	Styremedlemmar - fylkesledd	Organisasjon	Fylkestilskot		Representerte i VOFO-fylke
			2013	2012	
<b>Finnmark</b>	Kari Skadsem	Norges Husflidslag	63.675	49.309	Kari Skadsem
	Birgit Kristiansen	HATS			
<b>Troms</b>	Torgunn Andreassen	Norges Husflidslag	73.517	89.230	Mildrid Pedersen
	Johanne Kjelsberg	HATS			
	Hedvig Mortensen	Norges Husflidslag			
	Audhild Myrvoll	Seniordans Norge			
	Mette Bye	Noregs Ungdomslag			
<b>Nordland</b>	Inger Larsen	Norges Husflidslag	174.787	157.450	
	Øyvind Alstad	Noregs Ungdomslag			
	Siri Wembre	HATS			
	Irene S. Adolfsen	Norges Husflidslag			
	Edith Eliassen	Seniordans Norge			
<b>Nord-Trøndelag</b>	Olav Guldberg	Seniordans Norge	56.936	57.000	Olav Guldberg
	Irene Linset Høvik	Norges Husflidslag			
	Tore Strugstad	Noregs Ungdomslag			
	Magne Rønning	Noregs Ungdomslag			
	Anne Marie Herstad	Norges Husflidslag			

<b>Sør - Trøndelag</b>	Ragnhild Dahl	Norges Husflidslag	0	0	Ragnhild Dahl
	Brynhild Aftret	Norges Husflidslag			
	Hildegunn Plassen	Noregs Ungdomslag			
	Astri Wale	Forbundet Kysten			
	Solfrid Rian	Seniordans Norge			
<b>Møre og Romsdal</b>	Karin Ormbostad	Noregs Ungdomslag	119.680	116.800	
	Asbjørn Hjertvik	Seniordans Norge			
	Siri Hetland Myrset	Norges Husflidslag			
	Aase Grete Uran	Norges Husflidslag			
	Janne Kvamme	Noregs Ungdomslag			
<b>Sogn og Fjordane</b>	Arve Hornes	Noregs Ungdomslag	0	0	Arve Hornes
	Synnøve Eriksen Vadøy	Norges Husflidslag			Synnøve E. Vadøy
	Olaug Bakke Gjengedal	Seniordans Norge			
<b>Hordaland</b>	Gunn Hauge	Norges Husflidslag	38.920	44.750	Gunn Hauge
	Brit-Mari Gjerde	Norges Husflidslag			
	Ingunn Vardøy	Forbundet KYSTEN			
	Hanne Y. Aarland	Noregs Ungdomslag			
	Bendte Vivi Larsen	Seniordans Norge			
	Karstein Bjørge	Noregs Mållag			
<b>Rogaland</b>	Kristin Rasmussen	Norges Husflidslag	99.199	0	Marit Lund
	Marit Lund	Norges Husflidslag			
	Kjell Tveit	Noregs Ungdomslag			
<b>Vest Agder</b>	Kari Mysen	Noregs Ungdomslag	0	0	
	Turid Eik	Norges Husflidslag			
	Åse B. Ellingsen	Noregs Ungdomslag			
	Tor Steinar Fromreide	Noregs Ungdomslag			
<b>Aust-Agder</b>	Signe Sollien Haugaa	Norges Husflidslag	32.000	40.000	Else Gyro Rysstad(vara)
	Aud Olsbu	Norges Husflidslag			
	Magne Blågestad	Noregs Ungdomslag			



	Helge Tveiten	Noregs Mållag			
<b>Telemark</b>	Knut Olsen	Noregs Ungdomslag	46.450	40.500	Knut Olsen
	Ann Mari Jore	Norges Husflidslag			
	Inger Kvennodd	DIS - Norge,			
	Annie Hansen	Seniordans Norge			
<b>Vestfold</b>	Inger Brynhildsen	Norges Husflidslag	0	0	Knut Olsen
	Hilde Sletholdt	Norges Husflidslag			
<b>Buskerud</b>	Per Anders Hammer	Norges Husflidslag	59.260	50.135	Per A. Hammer
	Rita Vistad	Norges Husflidslag			
	Ea Agerup	Norges Husflidslag			
	Rønnaug Ust	Seniordans Norge			
	Astrid Torgersen	Seniordans Norge			
<b>Oppland</b>	Kjell Magne Aasen	Seniordans Norge	0	0	Brita Rusten Åmot
	Aina Merete Karijord	Noregs Ungdomslag			
	Ann Therese E. Skari	Norges Husflidslag			
	Åsta Gran	Seniordans Norge			
	Astrid Vestad	DIS - Norge,			
<b>Hedmark</b>	Magnhild Tallerås	Norges Husflidslag	64.724	66.132	Magnhild Tallerås
	Gro Børvan	Norges Husflidslag			
	Ola Lilleåsen	Noregs Ungdomslag			
	Kåre Opheim	Seniordans Norge			
<b>Oslo</b>	Dag Lindvig	Studieforbundet	0	0	Marit Jacobsen
<b>Akershus</b>	Liv Lønskog	Norges Husflidslag	51.300	50.000	Liv Lønskog
	Kari Mette Vollar	Norges Husflidslag			
	Ruth Pevik	Norges Husflidslag			
	Eva Stang Lund	Seniordans Norge			
	Gunnar Høiås	Seniordans Norge			
<b>Østfold</b>	Kari Filberg	Norges Husflidslag	36 150	32.000	Kari Filberg
	Hilde Lindemann	Norges Husflidslag			
	Gunvor Nordli	Seniordans Norge			
	Fredrik Solås	Seniordans Norge			
	Bjørg Lundebø	Norges Husflidslag			

## KAPITTEL 2. Læring

Studieforbundet får statstilskot frå Kunnskapsdepartementet. Det blir delt mellom studieforbunda ut frå talet på godkjende timar førre året. Tilskotet blir nytta til kurs og læring i medlemsorganisasjonane og lokallaga.

### Statistikk

Siste del av 2013 måtte vi gje slipp på kursstatistikken som vi har hatt på nettsida, ope for alle. Dette har samanheng med at vi har gått over til det nye kursadministrasjonssystemet KursAdmin. Statistikken på nettstaden henta sin informasjon frå det gamle systemet Winregis. Studieforbundet har bestilt eit tilsvarande system frå leverandøren av KursAdmin, men dette har synt seg å vere meir komplisert enn forventa og er framleis ikkje ferdig. Statistikken vil vere tilbake i 2014.

Arbeidet med å legge inn kursa i KursAdmin har vore krevjande, og vi har hatt mange ekstra medarbeidarar i arbeid

for å gjere jobben. Dette har nok ført til nokon fleire feil enn elles. Spesielt har det påverka emnestatistikken.

### Kompetansehevingstilskot

Medlemsorganisasjonane (ikkje organisasjonar med samarbeidsavtale) får eit direkte tilskot frå Studieforbundet kultur og tradisjon. Gjennomsnittleg kurstimetale dei to siste åra avgjer kor stor del av tilskotet kvar organisasjon får. Medlemsorganisasjonar med mindre kursverksemd enn 1 % av den totale kursverksemda i studieforbundet får ikkje dette tilskotet. Ramma for tilskotet blir bestemt av årsmøtet, i budsjettet. Det skal brukast til kompetanseheving i eigen organisasjon.

Kompetansehevingstilskot fordelt på organisasjon	2013	2012	2011
<b>Norges Husflidslag</b>	500.250	500.000	579.125
<b>Noregs Ungdomslag</b>	161.000	180.000	240.875
<b>HATS</b>	40.250	40.000	83.025
<b>Forbundet KYSTEN</b>	28.750	25.000	27.675
<b>Norsk Amatørteaterforbund</b>	86.250	75.000	83.025
<b>Vestlandske teatersenter</b>	11.500	20.000	16.400
<b>Norsk Kulturarv</b>	11.500	10.000	10.500
<b>Norsk Quilteforbund</b>			10.500
<b>Seniordans Norge</b>	161.000	150.000	
<b>Frilynt Norge</b>	149.500		
<b>Sum</b>	1150.000	1000.000	1025.500

Kurstimar delt på organisasjon	2013	2012	2011
Norges Husflidslag	59.508	59.456	58.044
Seniordans Norge	23.862	21.249	20.045
Noregs Ungdomslag	19.375	19.624	19.093
Frilynt Norge	17.806		
Norsk Amatørteaterforbund	15.318	14.715	11.298
Hålogaland amatørteaterselskap HATS	4.982	4.277	4.110
Forbundet KYSTEN	3.681	2.546	3.330
Vestlandske teatersenter	1.915	1.756	1.498
Norsk Kulturarv	1.192	1.279	1.565
Norsk Quilteforbund	838	515	511
Studieforbundet kultur og tradisjon	695	802	851
Vestnorsk kulturakademi	513	865	836
Fantasiforbundet	490	408	535
DIS-Norge, Slegt og Data	367	114	95
Båtlaget Braute	352	327	504
Landslaget for lokalhistorie	262	560	177
Norsk Forening for Kulturhistorisk Sverdfekting	199	153	200
Noregs Mållag	102	48	120
Norsk Selskap for Fotografi	93	185	216
Internasjonalistene	80		
Norske Kveners Forbund/Ruijan Kveeniliitto	71	40	73
Organisasjon for scenekjempere i Norge	20		
Norges museumsforbund	12		72
Norsk Målungdom			46
<b>Sum</b>	<b>151.733</b>	<b>128.919</b>	<b>123.219</b>

Kjernetal	2013	2 012	2 011
Tal kommunar	330	316	305
Tal arrangørar	924	825	802
Tal kurs	4.919	4.339	4.293
Tal deltakarar	40.059	37.015	35.800
Tal kurstimar	151.733	128.919	123.219

Kjernetal delt på fylker					
Fylke	Arrangørar	Kommunar	Kurs	Timar	Deltakarar
Østfold	32	10	189	5.059	1.758
Akershus	67	22	836	26.970	5.369
Oslo	52	1	248	9.795	1.935
Hedmark	45	16	316	7.484	2.386
Oppland	72	25	340	11.026	2.929
Buskerud	45	13	173	5.668	1.495
Vestfold	47	9	293	8.890	2.501
Telemark	30	12	158	5.649	1.488
Aust-Agder	21	10	76	2.874	675
Vest-Agder	32	12	146	3.719	1.461
Rogaland	43	18	296	8.304	2.143
Hordaland	88	22	392	12.710	3.393
Sogn og Fjordane	46	19	151	3.921	1.594
Møre og Romsdal	73	26	235	6.835	2.386
Sør-Trøndelag	72	21	265	7.975	2.498
Nord-Trøndelag	54	15	214	6.890	1.678
Nordland	73	32	249	8.725	1.910
Troms	58	16	307	8.118	2.298
Finnmark	15	4	54	1.331	441
Sum	965	303	4.938	151.943	40.338

Kurs, deltakere og timer delt på emne			
Emne	Kurs	Deltakere	Timer
Tekstil	2164	12866	56579
Dans	1233	16236	36030
Teater	835	6175	43549
Tre	274	1612	7407
Tegning/maling	61	351	1464
Tradisjonsmat	111	733	1670
Metall	32	148	715
Organisasjon og ledelse	105	965	1974
Annet	106	963	2348
<b>Sum</b>	<b>4921</b>	<b>40049</b>	<b>151736</b>

#### Tilretteleggingstilskot

Tilretteleggingstilskot blir tildelt kursarrangørar som har kurs der nokre av, eller alle deltakarane treng ekstra tilrettelegging for å kunne vere med. Dette tilskotet krev særskilt dokumentasjon.

2013	Tilretteleggings-tilskot	Kurs	Deltakere	Timer
Delt etter organisasjon				
<b>Studieforbundet kultur og tradisjon</b>	123 902	17	68	195
<b>Norges Husflidslag</b>	92 427	20	97	337
<b>Noregs Ungdomslag</b>	28 360	6	62	102
<b>Norsk Amatørteaterforbund</b>	7 500	2	15	34
<b>Hålogaland Amatørteaterselskap</b>	7 273	8	24	238
Delt etter fylke				



Østfold	43 423	6	29	60
Akershus	95 525	11	38	125
Oslo	14 611	2	9	80
Hedmark	11 790	4	21	50
Oppland	1 303	2	6	30
Vestfold	7 500	2	15	34
Vest-Agder	10 000	2	23	35
Rogaland	30 000	6	58	95
Sør-Trøndelag	23 312	5	19	81
Nord-Trøndelag	7 245	2	12	30
Troms	7 480	3	12	48
Finnmark	7 273	8	24	238
Sum	<b>259 462</b>	<b>53</b>	<b>266</b>	<b>906</b>

### 1 million på rett kurs

Vaksenopplæringsforbundet (VOFO) sin kampanje «1 million på rett kurs» har som mål å auke samla tal deltakarar i studieforbunda frå omlag 500.000 til 1 million. Kampanjen starta hausten 2012 og skal avsluttast i 2017, altså 5 år. Studieforbundet kultur og tradisjon har slutta seg til kampanjen og har rekna ut at for å ta "vår" del av veksten må vi doble deltakartalet. Første året 2011-2012 hadde vi vekst, 2013 går vi litt tilbake og det er dessverre langt att. Likevel meiner styret kampanjen og målet er rett: For å sikre legitimitet treng vi å vise til fleire deltakarar og at vi når eit mangfald av innbyggjarane i Noreg. Slik er utviklinga til no;

Organisasjon	2011	2012	2013	Mål	Differanse
Norges Husflidslag	13 905	14 253	14 352	28 487	- 14 135
Seniordans Norge	10 885	11 730	11 608	22 301	- 10 693
Noregs Ungdomslag	5 855	5 870	5 437	11 994	- 6 557
Norsk Frilynt Ungdomsforbund	2 650	3 480	3 046	5 429	- 2 383
Norsk Amatørteaterforbund	1 428	1 807	1 816	2 918	- 1 102
HATS	910	1 001	1 111	1 865	-754

<b>Forbundet Kysten</b>	779	659	711	1 953	- 1 242
<b>Norsk Kulturarv</b>	270	146	174	552	-378
<b>Vestlandske Teatersenter</b>	341	255	287	695	-408
<b>Studieforbundet kultur og tradisjon</b>	317	319	280	647	-367
<b>Vestnorsk Kulturakademi</b>	60	45	31	120	-89
<b>Fantasiforbundet</b>	173	144	92	354	-262
<b>Norsk Quilteforbund</b>	359	349	464	734	-270
<b>Båtlaget Braute</b>	77	59	39	158	-119
<b>Norsk Selskap for Fotografi</b>	116	107	62	237	-175
<b>Norsk Forening for Kulturhistorisk Sverdfekting</b>	17	14	40	33	7
<b>Landslaget for lokalhistorie</b>	134	108	73	267	-194
<b>Noregs Mållag</b>	11	5	9	19	-10
<b>DIS-Norge</b>	74	131	374	151	223
<b>Norske Kveners Forbund Ruijan Kveeniliitto</b>	26	16	21	54	-33
<b>Norges museumsforbund</b>	10	0	3	18	-15
<b>Organisasjon for scenekjempere i Norge</b>	0	0	7	0	7
<b>Internasjonalistene</b>	0	0	22	0	22
<b>Norsk Målungdom</b>	53	0	0	105	-105
<b>Sum</b>	38 450	40 498	40 059	79 091	-39 032

## Kapitel 3, kvalitet og utvikling

---

### Bunadopplæringa

Bunadopplæringa er eit samarbeid mellom Norges Husflidslag (NH), Noregs Ungdomslag (NU) og Studieforbundet kultur og tradisjon. Kursrekka kan inngå som ein del av grunnlaget for å gå opp som praksiskandidat og er bygd opp etter læreplanen i bunadtilverkarfaget VG3/opplæring i bedrift. Kursrekka består av seks modular som går over tre år og ein tilleggsmodul i gradering. I 2013 har vi hatt tre grupper. Ei kursrekke vil bli avslutta og ei ny startar opp att i september.

Modulane vart arrangert på Rauland i Telemark. Kurslærarar er: Torill A. Fossnes, Barbro Tronhus Storlien, Inger Petersen, Eli Vesaas, Kathrine Bringsdal, Mona Løkting og lærarar frå Institutt for bunad og folkedrakt.

### Kurs i 2013

Løpet frå 2012 til 2014

- Modul 3 Saum og brodering: 18 deltakarar, 40 timar
- Modul 4 Skjorte og linsaum: 14 deltakarar, 40 timar

Løpet frå 2013 til 2016:

- Modul 1 Introduksjon til bunadtilverkarfaget.  
Fagtema: snorer og band: 14 deltakarar, 40 timar

### Vevopplæringa

Vevopplæringa er eit samarbeid mellom Norges Husflidslag og Studieforbundet kultur og tradisjon. Kursrekka består av ni modular som går over tre år. Kursrekka kan inngå som ein del av grunnlaget for å gå opp som praksiskandidat og ta sveinebrev i handvevarfaget. I oktober startar vi ei ny kursrekke. Kurslærarar er Grete-Lise Ludvigsen og Solveig Orstad Teigen.

### Kurs 2013

Løpet frå 2012 til 2015

- Modul 2 Lerret- og lerretsvariantar : 9 deltakarar, 40 timar
- Modul 3 Plantefarging : 7 deltakarar, 30 timar
- Modul 4 Kypert og samansette bindingar: 9 deltakarar, 40 timar

### Kurs i fengsel

Studieforbundet arrangerte også i 2013 kurs i fengsel med tilskot frå Justisdepartementet. Arbeidet byggjer på samarbeid med lokale kursarrangørar og eldsjeler, og held fram under føresetnad av tilskot frå Justisdepartementet. Målgruppa for tilbodet er alle domfelte.

I 2013 har vi gjennomført 23 kurs og etablert kursaktivitet ved eit nytt fengsel.

### Kurs i 2013

- Ila Fengsel, Akershus: 8 kurs
- Ravneberget Kvinnefengsel, Østfold: 6 kurs
- Ullersmo Fengsel, Akershus: 3 kurs
- Verdal Fengsel, Nord- Trøndelag: 2 kurs
- Leira Fengsel, Sør- Trøndelag: 2 kurs
- Trondheim Fengsel (Modulen), Sør- Trøndelag: 2 kurs

## Handverksskolen AS

Studieforbundet kultur og tradisjon er medeigar i Handverksskolen AS som held til på Dovre i Oppland fylke.

Studieforbundet eig 33,3 % av aksjane.

Den andre eigaren er Norsk Kulturarv.

Handverksskolen AS er ein vidaregåande skule godkjent etter privatskoleloven.

Tilbodet er VG2 treskjerjing og VG2 smed.

Skulen har godkjenning på maks 15 elevar per line, og har godkjenning for å ta inn vaksne utan rett til vidaregåande

opplæring. Treskjerjarlina har vore i drift i sidan 2004. Smedlina vart etablert

hausten 2012. Studieforbundets sine

representantar i formelle organ:

Kjærsti Gangsø, styreleiar (kontoret) og Solveig Torgersen Grinder, styremedlem (Norges Husflidslag) Bjørg Schultz (kontoret) er leiar i valnemda.

## Gjenstander og kontekst – fortidas former

Kurset er eit samarbeid mellom Studieforbundet og Norges Husflidslag og er eit kurs på høgare nivå som vi tilbyr innafor NTNU-videre sin portefølje og i samarbeid med Rff-senteret/dansevitenskap. Etter eit år med pause og evaluering vart kurset utlyst på nytt sommaren 2013, og starta med åtte studentar i Trondheim i november. Eksamen er mai 2014. Kurset skal gi auka innsikt i nyutvikla produkt sin

forankring i fortidas former, og røynsler i å vurdere produkta ut frå utforming, bruk, endringar i estetikkoppfatning, sosiale og kulturelle skilnader.

## Norsk, folkelig dans

Kurset er eit samarbeid mellom Studieforbundet, Noregs Ungdomslag og Rff-senteret/ dansevitenskap. Det er eit kurs på høgare nivå innafor NTNU-videre sin portefølje. Kurset har tidlegare gått over to semester og med 15 studiepoeng, men vart etter ei omlegging ved dansevitenskap redusert til eit semester og 7,5 studiepoeng. Kurset starta opp med 11 deltakarar, og samlingane var i Vågå. Kurset tek opp ulike sider ved folkeleg dans og er eit praktisk kurs der deltakarane får trening i danseteknikk og fordjupar seg i eigen dans. Hovudlærer er Vegar Vårdal.

## Medarbeidaropplæring

Studieforbundet ser det som ei særskild viktig oppgåve å vere med der medlemsorganisasjonane møtest. Når vi blir bedne om det og det er mogleg å få det til, deltek vi med opplæring i korleis arrangere kurs, på samlingar i organisasjonane. I 2013 deltok vi med medarbeidaropplæring på 15 samlingar.

### Prosjekt "Overordna mål "

Studieforbundet fekk 70.000 i støtte frå VOX for å arbeide med bevisstgjerung av dei overordna måla. Målgruppe for prosjektet var medlemsorganisasjonane, kursarrangørane og kurslærarane. Prosjektet skulle føre til at alle ledd i Studieforbundet kjenner til måla, og at måla er med i planlegging og gjennomføring av kursa. Etter eit oppstartsmøte i februar der medlemsorganisasjonane deltok blei det utarbeidd ein enkel plan for gjennomføring. I 2013 var overordna mål tema på 17 samlingar med om lag 500 deltakarar. Overordna mål er no synlege på Studieforbundet si nettside, på rettleiingsmateriell og på informasjonsmateriell. Oppsummert kan ein seie at medlemsorganisasjonar og kursarrangørar ser på overordna mål som "samfunnsoppdraget". Det som gir tilskotsordninga politisk legitimitet og peiker på at kursa skal vere del av noko som er større enn eit lokalt kurs av ein lokal kursarrangør.

### Tekstilfagskule

Studieforbundet har siste året arbeidd for å etablere eit tilbod om tekstilline på fagskulenivå. Det er ikkje noko slikt tilbod i dag. Behov for meir utdanning kjem dels frå deltakarane på Bunadopplæringa og Vevopplæringa og dels frå den tekstile næringa i Noreg. Tilbodet er tenkt modulbasert og samlokalisert med Handverssskolen AS på Dovre. Oppland Fylkeskommune, som er ein av eigarane av Fagskolen Innlandet har bedt om ei utgreiing for å etablere eit slikt tilbod. Solveig Torgersen Grønder og Kjærsti Gangsø deltek i ei arbeidsgruppe saman med rektor på Fagskolen Innlandet Ivar Lien. Arbeidet er førebels stoppa grunna manglande finansiering, men held fram i 2014 i håp om å finne samarbeidspartnarar som vil bidra.

### TREseminaret – 2014 – "Enig og TRE til Dovre faller"

Treseminaret er eit samarbeidsprosjekt mellom Norges Husflidslag, Studieforbundet kultur og tradisjon, og kurs- og skolemiljøet på Hjerleid. Seminaret er eit fagseminar med trehandverk og husflidsteknikkar i tre. Norges Husflidslag var tidlegare prosjektleiar, men for perioden 2013/2014 overtok Studieforbundet. Seminaret har utvikla 17 ulike kurs. Det blir halde i slutten av april 2014.

### Kurslærarar

Fagleg oppdatering og utvikling av kurslærarar er eit ansvar som ligg hos medlemsorganisasjonane.

Studieforbundet deltek i opplæring av kurslærarar, kurslærarkurs når vi blir bedne om det. I 2013 deltok Studieforbundet på 3 kurs som fylkeslag i Norges Husflidslag arrangerte, og hadde heile opplegget for kurslærarkurs for Senter for bygdekultur/Håndverkskolen på Dovre.

Utvikling av tal på kurslærarar:

Organisasjon	2013	2012	2011
<b>Norges Husflidslag</b>	1411	1109	1083
<b>Norges Ungdomslag</b>	438	435	478
<b>Frilynt Norge</b>	242		
<b>Forbundet KYSTEN</b>	61	65	68
<b>NATF</b>	167	186	162
<b>HATS</b>	97	79	78
<b>Seniordans Norge</b>	494	432	359
<b>Andre org.</b>	134	165	140
<b>Totalt</b>	3044	2471	2368



## Seniordans – økt aktivitet og fleire nye lag

Prosjektet blei sett i gang med økonomisk stønad på 200.000 kroner frå Helsedirektoratet. Målet var å styrke aktiviteten for nyoppretta lag i Seniordans Norge ved at dei fekk utbetalt støtte til kurstilskot og fekk råd og tett organisatorisk oppfølging frå Studieforbundet i etableringsfasen.

Målet var å følgje opp 30 – 35 lag. Totalt fekk 51 nye lag kursstøtte i prosjektperioden. Studieforbundet deltok på 13 ulike samlingar for Seniordans Norge rundt omkring i landet, og møtte 200 seniordansarar som hadde organisatoriske oppgåver i sine respektive lag.

## Oxford

I 2013 gjennomførte analyseselskapet Oxford Research ei undersøking av studieforbundsordninga. Ønsket var å få meir kunnskap om og forståing av studieforbunda sitt virke og etablere ein ny, tilpassa politikk på området. Studieforbundet og våre lag har vore med som informantar og i framskaffing av datagrunnlaget. Rapporten "En ordning, et mangfold av løsninger" ligg både på vofo.no og vox.no. Innspela rapporten gir for vidare utvikling blir oppsummert i fem punkt:

## Overordna mål, rapportering til VOX

Studieforbundet skal årleg rapportere kva som er gjort for å oppfylle dei 6 overordna måla i lov om Vaksenopplæring;

- Å bidra til å vedlikeholde og styrke demokratiet og legge grunnlag for bærekraftig utvikling ved å engasjere og utvikle aktive medborgere.
- Å gjøre det mulig for mennesker å påvirke egen livssituasjon.
- Å bekjempe utstøting og bidra til inkludering.
- Å bidra til motivasjon, tilgang til kunnskap og kompetanse for alle og slik møte behov i et samfunn og arbeidsliv i stadig endring.

1. Tydlegare profil
2. Auka målfokus
3. Profesjonalisering av studieforbunda
4. Klarare retningslinjer for fordeling av statstilskotet
5. Diskusjon av grensegang mellom opplæring og aktivitet

## E-læring

Studieforbundet arbeider med å legge ut film med handverk på nettstaden. Førebels ligg det film med instruksjon for veving på grind.

## "Kreative kurser med rødder i gamle håndværk"

Norges Husflidslag var i 2013 partner i eit Nordplus vaksen-prosjekt for å utvikle kurs med føremål å tolke gamle handverksteknikkar på nye måter. Studieforbundet var med, saman med husflidskonsulenten i Nord-Trøndelag. Partnerane har vore frå Danmark, Island og Finland. Danmark var prosjektleiar. Prosjektet vart avslutta i 2013. Cd-ar med materiale for kurs i åtte teknikkar er laga. Materialet skal brukast som kursmateriell og inneheld film, bilete og tekstar. Teknikkane er: Løpbinding og smykker av metallringar frå Danmark, flerfargehekling og ryeknytting frå Finland, fiskebeinspikking og fiskeskinnsaum frå Island og nupereller og nålebinding frå Norge.

- Å styrke kulturelt mangfold og øke deltagelse i kulturlivet.
- Å være en selvstendig arena for læring og et supplement til offentlige utdanningstilbud for voksne.

## 1. Studieforbundet si verksemd og dei overordna måla:

### *Studieforbundet sitt formål og profil*

Studieforbundet har som formål "det skal vere mogleg for alle som bur i Norge å bli kjent med og lære folkelege tradisjonar og kulturuttrykk i skapande og trygge fellesskap". Dette formålet styrer kva organisasjonar som kan vere med i Studieforbundet.

*Studieforbundet og medlemsorganisasjonane sine målgrupper* Studieforbundet og medlemsorganisasjonane er opptekne av rekruttering. Kurs kan vere ein veg inn i lagsverksemda og til dei aktivitetane laga har for å styrke arbeidet med immateriell kulturarv. Målgruppene er alle som vil lære folkelege tradisjonar og kulturuttrykk.

### *Tema i studieforbundet og medlemsorganisasjonane si opplæringsverksemd*

Det er ei stor overvekt av kurs innanfor emneområdet estetiske fag og handverksfag.

### *Val av arbeidsformer i opplæringsverksemda*

Dei fleste kurs blir halde i tradisjonell form, avgrensa i tid og med lærar. Nokre kurs er oppbygd etter den gamle studieringsmodellen, og fungerer som arbeidsfellesskap utan lærar. Nokre få kurs har avsluttande formell eksamen og gir formell kompetanse. Langt fleire kurs byggjer opp til ein uformell eksamen – framsyning/konsert/utstilling, som er ein viktig del av læringa, men som i dag ikkje kan reknast inn som del av kurset.

### *Eit eige strategidokument for studieforbundet*

Studieforbundet har tre-årig strategi- og verksemdsplan.

## 2. Måloppnåing og endringar i 2013

### *Tiltak for å nå nye målgrupper*

Studieforbundet arrangerer kurs i fengsel. Det er i 2013 starta kurs i eit nytt fengsel, og med teater som nytt temaområde. Frilynt Norge blei medlemsorganisasjon frå 01.01.2013 det fører med seg fleire unge kursdeltakarar. Studieforbundet gjennomførte eit prosjekt i saman med Seniordans Norge for å starte kurs i fleire seniordansgrupper. 51 nye grupper søkte om kurstilskot i 2013.

### *Tiltak for å utvikle nye kurstilbod/tema*

Studieforbundet har i 2013 hatt ein gjennomgang av alle studieplanar. Det er utvikla ein mal for å plassere kurs etter læringsmål og kurstimar. Denne malen ligg til grunn for oppbygging av alle kurs. Med Frilynt Norge som ny medlemsorganisasjon har vi fleire teaterkurs og fleire kurs i scenisk dans enn før.

### *Tiltak for å utvikle nye arbeidsformer*

Det er ikkje arbeidd med å utvikle kurs med nye arbeidsformar i 2013

### *Tiltak for å prioritere tilskot*

Studieforbundet har todelt tilskot, kr 85,- per time med lærar og kr 20,- per time utan lærar. Tilskott blir utbetalt om arrangøren har utgifter til kurset, ved lågare utgifter blir tilskotet redusert. Alle får 500,- som ein minstesum uansett kva utgifter dei har hatt.

### *Tiltak for å gjere måla kjent i organisasjonen*

Studieforbundet gjennomførte i 2013 eit prosjekt for å ha ei bevisstgjerjing av dei overordna måla. Måla er derfor meir kjent enn før og har vore med i debatt på 17 samlingar i 2013 og er kommunisert på heimesida, i rettleiingsmateriell og på informasjonsmateriell.

- Kva resultat i 2013 er viktige i forhold til å oppfylle dei overordna måla?

Kompetente arrangørar og kurslærarar som tilbyr god opplæring er den viktigaste faktoren for å nå dei overordna måla. Med fleire arrangørar er det større moglegheit for at fleire deltakarar for opplæring i tråd med måla. I 2013 auka Studieforbundet til 924 kursarrangørar i 330 kommunar, dette er ei vekst frå 825 kursarrangørar i 316 kommunar i 2012. Det er også ei vekst i tal kurslærarar og det var i 2013 heile 3.044 ulike kurslærarar i aksjon for å gjennomføre kursa.

### **3. Verksemd som ikkje rapporterast til SSB (post 70), men som likevel er relevant i forhold til de overordna måla**

Studieforbundet er medeigar i Handverkskolen AS. Skulen er godkjent etter privatskoleloven, er finansiert av Kunnskapsdepartementet og har elevbetaling. Skulen gir tilbod om opplæring VG2 treskjerjing og smed. Studieforbundet arbeider også med å få godkjent eit fagskuletilbod i tekstil. Det siste er førebels eit utviklingstiltak. Studieforbundet er aktive for å sikre at det skal vere mogleg å få formell kompetanse innafor fagområde organisasjonane arbeider med. Det er viktig å ha ein samanheng i kunnskapsproduksjonen frå det ikkje-formelle kurset med låge krav til deltakarane, til vidaregåande opplæring til fagskule/høgare utdanning. Studieforbundet meiner det er riktig og viktig å ta eit ansvar for å etablere utdanningstilbod når det offentlege har lagt ned, eller av andre grunner ikkje gir tilbodet.